



HUSTADVIKA KOMMUNE
Tingplassen 1
6440 ELNESVÅGEN

Saksbehandlar, innvalstelefon

Jorunn Mittet Eriksen, 71 25 84 10

Uttale til søknad om dispensasjon på eigedom 164/207 - levegg

Statsforvaltaren er statens representant i fylket og har fleire roller og oppgåver innan planlegging etter plan- og bygningslova. Ei viktig oppgåve for Statsforvaltaren i kommunale planprosessar er å sjå til at nasjonale og viktige regionale omsyn blir ivaretatt i planarbeidet. Fagområde som miljøvern, landbruk, helse, oppvekst og samfunnstryggleik står sentralt. I tillegg skal Statsforvaltaren sikre at kommunale vedtak i plan- og byggesaker er i samsvar med gjeldande lovverk.

Bakgrunn

Saka gjeld søknad om dispensasjon frå plan og bygningslova § 1-8 for oppsetting av levegg (10 meter lang og 1,8 meter høg) på eigedom 164/207. Det er tidlegare gitt dispensasjon til støttemur og utfylling mot sjø. Levegg skal stå på ferdigstilt utfylling.

Strandsone

Naust er ei bygning som skal vere oppbevaringsplass for båtar og anna sjørelatert utstyr. Arealet kring naust er utmark jf. friluftslova, det vil seie at alle kan ferdist heilt inntil naustveggen. Om det blir opna for tiltak rundt naustet som fører til at bygninga blir oppfatta som meir privat område, vil oppfatninga av om det er greitt for alle å gå der endra seg. Ein levegg som det er søkt om inviterer til opphald for dei som eigar naustet, og vil gjere at området opplevast meir privat for andre.



De bør ikkje opne for tiltak som bidrar til å endre opplevinga av om området rundt naust er privat eller ikkje. Slike dispensasjonar vil utgjere høg presedensfare. Det er mange som eig naust i strandsona og kan tenke seg private opphaldsområde rett ved naustet. Vi vurderer også at de neppe vil oppfylle begge vilkåra jf. plan og bygningslova § 19-2. Vi minner om det ikkje er høve til å gje dispensasjon om ikkje begge vilkåra er oppfylte.

Konklusjon

Vi viser til merknadene over og varslar at vi vil vurdere å klage på eit eventuelt positivt dispensasjonsvedtak.

Med helsing

Ulf Lucasen (e.f.)
underdirektør plan og klima

Jorunn Mittet Eriksen
seniorrådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent.

Kopi til:

MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE

Postboks 2500

6404

MOLDE